

- Bruk dei reelle inntektstala i jordbruket

04.12.2012



Styret held fram og i det sit Olav Hjetland Bringedal, Runar Myklebust, Lars Haugland, Tor Ove Haugland og Hans Reidar Kjærland

**Bruk dei reelle inntektstala i jordbruket i kampen
for eit høgare nivå! Dette var bodskapen styremedlem Hans
Reidar Kjærland sendte med leiar i Hordaland Bondelag
Clara Hveem då ho vitja årsmøtet til det framgangsrike
Uskedalen Bondelag måndag kveld.**

**Kjærland påpeika det meiningslause i å ikkje ta omsyn til
avskriving og renter. Den skattbare næringsinntekta er det
som tel i ei samanlikning med til dømes løna til ein
industriarbeidar som ikkje har slike frådrag.
Uskedalsbonden åtvara mot at ein let budsjettnemda
avgjera kva Noregs Bondelag skal meine.**



Clara Hveem, leiar i fylkesbondelaget, orienterer om strategiske spørsmål

Som bakgrunn for sin argumentasjon trakk han fram gjennomsnittstal fra 234 gardsrekneskap i Nord-Rogaland og Sunnhordland som også bør vere representative forr Uskedalen. For 2011 viser dei ei næringsinntekt før avskrivning og renter på 431 000 og 225 000 etterpå.

Kjærland streka under at dei tal som vert lansert utan dei to frådraga i høgste grad er misvisande og eigna til å få folk til å tru at bøndene har langt betre vilkår enn dei faktisk har.

Fylkesleiaren brukte merkelappen 'ein maktfaktor i Noreg' om bondelaget og meinte at organisasjonen er effektiv sjølv om bøndene ikkje lenger er så mange. Han streka under kor viktig det er å nytte media og at laget må på bana før jordbruksforhandlingane fordi kampen om ramma skjer då.

Årsmeldingen for bondelaget som for 2011 vart årets lokallag i fylket var positiv lesnad. Sist haust var medlemstalet 58 etter ein auke på 4 siste året.. og fleire aktive brukarar har slutta seg til rekkene.

Laget og saka har vorte effektivt profilert gjennom 2012, ikkje minst gjennom aksjonane ved brotet i forhandlingane. Aksjonane vekte merksemd i heile landet og vart svært godt gjennomført.

Også i år markerte laget seg sterkt under Aktivitetsdagen.

Styret er uendra etter årsmøtet og det vert leia av Olav Hjetland Bringedal medan Runar Myklebust er nestleiar, Lars Haugland kasserar, Tor Ove Haugland skrivar og Hans Reidar Kjærland studieiar.

Årsmøtet drøfta planane for det nye året men det var ein viss usikkerheit om ein skal vera ein aktør under Aktivitetsdagen også i 2013 eller kanskje heller satsa på andre arrangement - som Open Gard etter mønster frå Omvikdal.

Sikkert er det derimot at laget neste år vil jobba for redusert fartsgrense på Kjerlandsido der det ligg ein barnehage, bustadhus og er mange mosjonérande til einkvar tid,

Om innmeldingen av laget i Uskedalen Utvikling sa leiaren at jordvernet var bakgrunnen og at bondelaget satsar på å påverka UU i så måte.

Årsmøtet vart halde i Elins nye hus som viste seg svært godt eigna for mindre arrangement.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Redaktøren i uskedalen.no fekk blomar av leiaren for dekningen av bondelaget (Foto: Clara Hveem)